



GLOPPEN KOMMUNE

RÅDMANNEN

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen

0301 OSLO

Att: Marit Carlsen

Dykker ref	Vår ref (oppge ved svar)	Dato
	14/7959	12.06.2014

Gjengedal kraftverk - søknad om konsesjon for kraftverket og for KV132 line Storebru/Angedal - NVE-sak 201201139

1. Innleiing

Vi viser til tidligare høringsfråsegn frå Gloppen kommune datert 22. april 2014.

Som varsla i fråsegna har Gloppen kommune forhandla med SFE Produksjon AS om ein utbyggingsavtale. På grunn av knappe tidsrammer og utskiftingar i sentrale stillingar i kommunen sin administrasjon kjem denne høyringsuttalen etter utløpet av fristen 7. juni 2014. Dette skjer i forsting med SFE Produksjon AS.

Gloppen kommune håpar derfor at NVE vil ta omsyn til merknadene i dette brevet i saksbehandlinga.

2. Utbyggingsavtalen

Utbyggingsavtalen mellom Gloppen kommune og SFE Produksjon AS vil bli ettersendt til NVE når denne er underskriven av begge partar. Som det går fram av avtalen, erstattar denne kommunestyret sitt tidlegare krav om næringsfond.

I korte trekk er dei økonomiske ytingane til Gloppen kommune frå SFE Produksjon AS for det første gjort avhengig av om SFE Produksjon AS blir gitt el-sertifikat og for det andre av kraftprisane på utbetalingstidspunktet.

3. Innverknad av tiltaket i kommunen

3.1 Innleiing

Det er frå lokalt hald gitt uttrykk for at utbygging etter alternativ 1 på grunn av reduksjon av naturlige flaumar, gir større fare for negative påverkningar på laksefisket nedstraums enn utbygging etter alternativ 2. Med tilvisning til fagrapporten for fisk meiner SFE Produksjon AS at ei utbygging etter alternativ 1 ikkje utgjer nokon slik fare. Gloppen kommune har ikkje den nødvendige fagkompetanse til på eit sjølvstendig grunnlag å ta stilling til dette. Fordi kommunen ser på dette som eit viktig spørsmål å få avklart, ber kommunen NVE gjere ei særlig vurdering av spørsmålet i si behandling av konsesjonssøknaden.

Heller ikkje på andre område har Gloppen kommune hatt noko høve til å føreta ei særskild etterprøving av dei naturfaglege vurderingane som SFE Produksjon AS har innhenta.

3.2 Påverknad på næringsliv og kommunens økonomiske rettar

Kommunen har etter reglane i vassdragsreguleringslova og industrikonsesjonslova ein ubetinga rett på konsesjonsavgifter og konsesjonskraft som følge av tiltaket, jf. vassdragsreguleringslova §§ 11 nr. 1 og 12 nr. 15 og industrikonsesjonslova § 2 nr. 12 og nr. 13.

Som ein følge av utbyggingsavtalen mellom Gloppen kommune og SFE Produksjon AS er det etter Gloppen kommune si oppfatning ikkje nødvendig å fremje krav om at det blir fastsett eit vilkår om næringsfond. Likevel ber kommunen om at det ved utrekninga av konsesjonsavgifter blir nytta ein høgast mogleg sats. Satsen må bidra til å kompensere for dei naturressursar kommunen avstår i ubestemt tid.

Det må i ei slik vurdering også takast omsyn til at utbygginga er rimelig. Dette må sjåast i samanheng med storleiken på utbygginga, noko som gjer at utbygginga er lønnsam.

Det må også takast omsyn til at det i Gloppen kommune blir produsert ei betydeleg mengde kraft sett i forhold til kraftbehovet i kommunen. Gloppen kommune må nødvendigvis kompenseraast for å måtte tåle ytterlegare belastning for eksport av kraft ut av kommunen på bekostning av kommunens eige naturressursar.

Frå lokalt hald er det også uttrykt uro mellom anna for at kraftlinene vil kunne ha negativ innverknad på turismen. Kommunen er heller ikkje nødvendigvis eining i konsekvensutreilinga si vurdering av at tiltaket vil ha middels positiv innverknad for anna lokalt næringsliv i form av moglege oppdrag for lokale entreprenørar i anleggsfasen. Kommunen er usikker på om kapasiteten i bransjen lokalt har ein slik kapasitet at vi vil merke ein auke i sysselsettinga i kommunen av noko omfang.

3.3 Andre vilkår

Konsesjonssøknaden inneholder sjølv under punkt 13 fleire føreslegne punkt som avbøtande tiltak. Kommunen legg til grunn at tiltaka blir innarbeidde i konsesjonsvilkåra. Vi vil også peike også på at det er av særlig betydning at vilkåra sikrar vassforsyning, minstevassføring og fiskebestand.

4. Linjetraséen

Det var påpeika under synfaringa i Hyen at linjetraséen bør vurderast på nytt. Grunneigarane har kome med eit alternativ som flyttar traséen noko vekk frå sjølve elveløpet. Alternativet er vist på vedlegg som det tjukke streken. Slik kommunen ser det er dette det beste alternativet. Kommunen legg til grunn at SFE Nett AS i den nærmare fastsettinga av linjetraséen tar grunneigarane med på råd.

5. Avslutning

Gloppen kommune avventar vidare NVE si saksbehandling. Vi legg til grunn at kommunen vil få høve til å uttale seg i samband med fastsettinga av utrekningsgrunnlaget for konsesjonsavgifter og konsesjonskraft.

Med helsing

Jan Kåre Fure
rådmann
tlf. 476 21 981

Vedlegg:

Dok.nr Tittel på vedlegg
224045 Linjetrasé i Gjengedalsjølet

Kopi til:

SFE Nett AS	Bukta	6823	SANDANE
SFE Produksjon AS	Bukta	6823	SANDANE